

Velkommen til Kaupanger Frisbee Klubbmeisterskap 2025

Turneringa vert gjennomført etter PDGA sitt offisielle regelverk, i tillegg til dei reglane som gjeld for kvar enkelt hol. Me spelar Bukken 18 BLÅ konkurranse-layout, der me spelar alle hol på BLÅ layout, Bukken, bortsett frå hol 9 og hol 18. Dette er spesifisert i caddieboka.

Det er alle spelarar sitt ansvar å setje seg inn i caddieboka, og sørge for å vere kjende med gjeldande reglar før start. Målet vårt er at alle deltakarar skal møte godt førebudde, slik at meisterskapet kan gjennomførast på ein trygg, rettviss og triveleg måte. Les difor gjennom boka nøye, og bruk ho gjerne aktivt som oppslagsverk under turneringa.

Sidan det ikkje vert lagt opp til spelarmøte i forkant av årets klubbmeisterskap, ynskjer me å rette fokus mot enkelte hol på bana (sjå spesifikasjon under). Desse merknadane går spesielt på tryggleik, ellers gjeld reglane for kvart hol.

Usikker på reglane undervegs i turneringa? Kast provisorisk!

Dersom det oppstår tvil om PDGA-reglane eller lokale reglar på holet, skal du eller fleire på kortet spele vidare med eit provisorisk kast eller ei alternativ løysing. Fullfør begge versjonane, og ta kontakt med turneringsleiing etter runden (Linda eller Tom) for å få klarheit i kva som gjeld. NB! Dersom de spelar provisorisk, skal ein ikkje signere scorekort før ein har tatt kontakt med turneringsleiinga.

Minner ellers om bruk av mini/markere lie, pace of play/30 sekunder pr. kast og kortet tar tiden ved lost disc (3 minutt og når tiden er ute og discen framleis ikkje er funne, re-throw fra forrige lie med straffekast. NB! Alle har ansvar for å spotte kvarandre sine kast og alle på kortet skal vere med å leite). Lost disc som utvilsomt var OB skal ein ikkje leite etter.

Vi ønskjer alle deltakarar lukke til – og håpar på gode opplevingar, fair play og mykje god disc golf!

Hol 1 - Ikkje kast før du er sikker på at du ikkje kan treffe gåande/syklande/born.

Hol 2 - Bruk spotter! Her kastar man delvis blindt, ver sikker på at det er klart.

Hol 4 - Sjekk at det er klart før de kastar.

Hol 6 - Frivillig DZ ved OB inn på øy, ellers vanlege OB-reglar. Sjå forklaring på eige tee-sign.

Hol 20 - Sjekk at det ikkje er folk i sykkelstien til venstre for green. Bruk gjerne spotter.

Ellers så ynskjer me å nytte høvet til å takka **Kaupanger Hovudgård** for samarbeidet og deira rausheit med å gje oss mogleheita til å kunne lage den flotte bana vår. Også ei takk til våre gode sponsorar og støttespelarar.



KAUPANGER IL
LEIK, IDRETT & TRIVSEL - HEILE ÅRET!

